

Vågå – gard og slekt

Randsverk, Storvikssætra og Sjodalen m.m.



Knut Raastad, oktober 2023



Frå søre Vangen i Randsverk. Foto frå Gunnar Sandbo, Vågå historielags fotoarkiv.

Vågå har ikkje bygdabok i form av gard- og slektshistorie. Men på 1970- og 1980-talet vart det samla opplysningar til slik historie ved avskrifter av tingbøker samt systematisering av familiar frå kyrkjebøker og folketeljingar. Dette er tilgjengeleg på Opplandsarkivet avd. Vågå i Ullinsvin. Ved å bruke dette samt digitale grunnbøker, folketeljingar og kyrkjebøker kan ein setja saman opplysningar for kvar gard. Tinglysingar og skifter er mest knytte til matrikulerte

bruk og i tidleg tid var det ikkje mange husmannsplassar. Derfor er det enklast å ta dei eldre gardane fyrst. Så kan ein ta frådelte husmannsplassar etter kvart. Mange har gjort ein del arbeid med systematisering av slekter, nemnast kan Pål Øystein Kvarberg som skreiv om slekter i Vågå og Lom. Det andre har funne kan brukast i staden for å gå til primærkjelder.

I boka «Sætrene i Vågå» frå 2022 har eg med mange sætrer som også har hatt fast busetjing, bl.a. i Randsverk og området ved Storviksætrene. Dette er utgangspunkt for oversikt om busetjing i fjellet.

Namn på plassar og personar kan ha hatt ulike skrivemåtar, og det er i denne framstillinga ikkje brukt noko konsekvent rettskriving. Alder og fødselsår kan i kjeldene vera oppgjeve berre omtrentleg, dette fører til at årstal ikkje alltid er nøyaktige og dette er ikkje alltid forsøkt sjekka mot andre kjelder. Ellers vil det vera ein god del manglar om personar, meir undersøkjing av kjelder vil gje meir informasjon. Det er ønskje om å få attendemelding om feil og manglar.

Moasætrene – Tuvstulen	side 3
Strondsætrene – Storvikssætrene	side 5
Lemonsjøen – Slomhaugen	side 10
Randsverk	side 13
Sjodalen	side 33

Granlisætra

Denne sætra ligg mellom Sundsætra og Prestgardssætra. Granlisætra 187/1/789 tilhøyrrer Granli gnr. 142 bnr. 23. Dyrking ovanfor vegen vart utvist i 1982. Dyrking 187/1/733 ovanfor

krysset ved Prestgardssætra vart utvist i 1968. Sætra vart opprydda tidleg på 1920-talet som sæter til Holtopp gnr. 66 bnr. 46. Estin Hølmo selde Holtopp i 1927, men heldt att sætra og brukte den medan dei var andre plassar bl.a. i Heidal. Familien budde på sætra da dei rydda opp det nye bruket Granli frå 1936. I 1939 vart ein parsell frå Sundkvea skilt ut og lagt attåt. Estin Hølmo 1876-1941 var son til Else Hølmo 1855-1878 og Ola Hagen. Østen var gift med Ingeborg Preststulen 1891-1970. Østen og Ingeborg hadde 6 barn:

Ola f.1919, g.m. Ragna Bilben, Heidal f.1911

Marit f.1920, g.m. Reidar Teige

Sigurd 1923-1995, g.m. Astrid Groven

Hans f.1924, g.m. Alma Stubberud

Einar f.1929, g.m. Gunhild Synslien

Inga Elise f.1934, g.m. Otto Lykken

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet

Odden

Ligg ved Flatningen, aust for Kvilarholet. Brukt som slåtteland midt på 1800-talet. I 1877 vart det opplyst at fyrste brukaren opprinneleg fekk bu i ei fiskebu som tilhøyre nørre Sandbu. Ola Olsen Strandeneie 1788-1878 var gift med Ragnhild Hansdotter øvre Klonesbakken 1789-1874. I 1865 var dei husmannsfolk med jord på Odden.

Arealet var i 1878 9,00 mål. Husa stod fram til 1920-talet lenger nede. Hans Olsen fekk i 1875 feste på bygselbruket Odden under staten. Hans Olsen Visdal 1842-1924 var son til Ole Johnsen Stokkestadeie. Odden vart matrikulert som gnr. 128 bnr. 2 i 1910 da Hans O Odden kjøpte eigedommen frå staten for kr 400. Hans vart 1866 gift med Ragnil Nilsdotter Råstadeie 1843-1916 dotter til Nils Jacobsen. Hans og Ragnil hadde 3 barn:

Nils 1866-1911, g.m. Gunhild Olsdr. Kvernhushaugen f.1878. I Skottlien i 1900. Nils hadde med Mari Hansdr. Sørlien f.1864 dottera Ragnhild f.1889

Knut f.1868

Rønnaug f.1871

I 1914 var det skjøte frå Hans Olsen Odden til Johan K Flatum for kr 3300. Johan Kristensen Volden Flatum 1873-1967 vart 1915 gift med Ragnhild Syversdotter Dalestugu 1865-1923. Ragnhild hadde med John Olsen Sandbakken f.1865 sonen Ole Johnsen f.1893 (til USA i 1909).

I 1918 var det skjøte på Odden frå Johan K Flatum til J Meinich Eckhoff og Jens Bratlie for kr 8000. Bratlie kjøpe delen til Eckhoff i 1924 for kr 4000. Etter 1939 har familien Hansen vore eigarar. Odden har frå 1918 vore feriestad, men vart i mange år samtidig brukt som sæter. Hågå gnr. 66 bnr. 36 i Kveom leigde Odden som sæter i perioda 1919-1923. Deretter var det Høystad gnr. 66 bnr. 17 som brukte Odden som sæter.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet

Tuvstulen

Dette ligg langs vegen frå Randsverksletta til Flatningen. Tuvstulen 187/1/1142 tilhøyrer Torestugu gnr. 67 bnr. 11 i Vågåmo. Tuvstulen var tidlegare sæter til Klones, nemnd i 1730 og da at engslåtten hadde vore brukt av Klones «frå arilds tid».

Iflg. Vegard Veierød i boka «Heimfjellet» var det fast busetjing ei tid og Tuvstulen vart skyldsett i 1812, seinare eige matrikelnr. gnr. 128 bnr. 1.

Frå 1838 var dette sæter til Øygarden gnr. 21 bnr. 6. I 1877 vart det nemnd at sætra ikkje hadde hamnrett og vart brukt kun om vinteren. Sætra var i 1878 14,00 mål. I 1846 var det skjøte på Tuvstulen saman med husa på Øygarden frå Ole Paulsen f.1773 til Johannes Olsen f.1818 for 50 spd. og føderåd til seljaren og hustru.

Tuvstulen vart seld frå Øygarden i 1916, men kjøpt att ved odelsløysing i 1918 og brukt som sæter for søre Vassdokken nr. 18 bnr. 6.

Tuvstulen vart kjøpt til Torestugu 1926. Ola Haug overtok i 1946 eine delen som sæter til Torestugu, faren Thor som også eigde Haug gnr. 66 bnr. 8 heldt att heimelen til reisten.

Kvea vart 1994 lagt attåt Runningssætra.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet

Blankenborgsætra

Søre del av kvea på Uppå-Strondsætra var Blankenborgsætra som vart nemnd i 1869, ho var da fullt bygd og brukt som sommarsæter. Blankenborgsætra var i 1878 7,75 mål. Marit Valbjørslykkja med familie budde året rundt på Blankenborgsætra frå fyrst i 1880-åra og fram

til 1892. Marit Olsdotter Valbjørsløkken 1850-1912 var dotter til Ole Paulsen Valbjørsløkken 1827-1912 og Kari Iversdtr. Moshuset f.1825. Marit hadde utan å vera gift mange barn med John Hansen Nettet f.1830. John var son til Hans Hansen Nettet, han vart 1861 gift med Rannei Rasmusdtr. Øyseie 1833-1896, ho budde på Stordalen i Nordherad. John og Rannei hadde barna Ole f.1861, Hans f.1863, John f.1866, Anders f.1873 og Torger f.1879 (den siste nekta John for). I 1900 budde Marit og John på Saghaugen/Sagbakken. Marit og John hadde 7 barn:

Karen f.1876

Kari f.1877

Paul f.1881

Marit f.1884

Ole f.1886

Hans f.1889

Iver f.1892

Ola Brun brukte Blankenborgsætra fyrste åra etter han kjøpte Ripstrond i 1914. Rundt 1920 vart husa der flytta til ny Ripstrondsæter i Strondlykkja. Seinare vart kvea innlagt av Uppå-Strond.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Springarbakken

Kring 1800 var det busetjing på eit lite bruk som heitte Springarbakken. Springarbakken låg i lia ovanfor Strondsætervegen mellom Skytningen og Strondlykkja. Det var ikkje mange åra det budde folk der, iflg. Eirik Haugen vart dei utkasta i 1803. Jacob Olsen f.ca.1763 vart 1792 gift med Dorthe Syversdotter f.ca.1767, i 1801 var dei brukarar av rydningsplassen. Jacob og Dorthe hadde 2 barn:

Ole f.1794

Ragnhild f.1798

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Endasætra

Endasætra i Djupviken ved Tesse er gammal sæter nemnd på kart i 1831. Finn Schanke budde der i ca. 20 år frå om lag år 2000.

Grov

Gardsbruket Grov gnr. 163 bnr. 3 og gnr. 177 bnr. 1 ligg på andre sida av vegen ved Øygardssætra, noko heimafor Sandranden. Dette er eit bureisingsbruk frå 1940-talet, jord vart kjøpt frå staten i 1940. Ola S Bakken f.1913 var son til Syver Bakken 1870-1955 og Olea Storvikssæter 1883-1968. Ola vart 1941 gift med Gunhild Vistekleiven 1916-1978 dotter til Paul Vistekleiven f.1878 og Guri Grind f.1874. Ola og Gunhild hadde 2 barn:

Syver f.1941, neste eigar

Kåre f.1950, g.m. Anne Kari Smelien

Syver var g.m. May Sæther, dei har 2 barn:

Hanne Grete f.1966

Randi f.1968, g.m. Nils Johan Ødegård

Randi Bakken Vassplassen f.1968 overtok i 2015. Campingplassen gnr. 163 bnr. 11 vart frådelt i 2019.

Vidar Rugsveen f.1976 kjøpte gardsbruket Grov i 2020.

Fjellvegen 736

Kåre Bakken f.1950 ar bygd på tomt frå Grov, gnr. 163 bnr. 6 vart frådelt i 1978. Kåre er gift med Anne Kari Smelien, dei har 2 barn:

Stian f.1972

Kjell f.1974

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Gammelsætra

Dette er fyrste sætra etter Strondsætervegen frå Sandranden. Gammelsætra 187/1/805 tilhøyrrer nördre Tessanden gnr. 86 bnr. 5. Dyrkinga 187/1/1403 som vart utvist 1958 ligg på andre sida av vegen. I 1869 vart det nemnd at alle Storviksgardane hadde kvar si lita kve ved

Veslvatnet, den som hørde megarden til vart brukt av husmannen i Nyhus. Ingrid og Ola Nyhus var i Nyhus til 1910. Etter at dei flytte kjøpte dei Gammelsætra frå Storvik og budde fast der nokre år, seinare brukte dei Gammelsætra som sæter til øvre Brun gnr. 85 bnr. 16. Da dei flytte til nørde Tessanden i 1936 vart Gammalsetra med. Ola Syversen Bondestugu 1867-1964 var son til Ingeborg Hansdtr. Bondestugu. Ola vart 1890 gift med Ingrid Nyhus 1865-1951 dotter til Ole Olsen Storviksøygarden 1823-1896 og Ragnhild Olsdtr. Nyhus 1830-1884, Ola og Ingrid hadde 2 barn:

Sigurd f.1891-1967, g.m. Elida A Brimi f.1917. til nørde Tessanden
Ragnhild 1895-1931, g.m. Pål Hansen Kleiven 1881-1868

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Storvikssætra

Denne sætra ligg ovanfor Fjellvegen mellom Sandranden og Pålstugusætra. Storvikssæter gnr. 103 bnr. 15 tilhører Bruhaugen gnr. 85 bnr. 8. Sætra har dyrkingar 187/1/814-1154-1162 ovanfor sætra. Dette var tidlegare sæter til sygard Storvik og truleg den sætra som vart nemnd i 1668 og 1800. Sætra vart også nemnd i 1869 og da brukt som sommarsæter. Sætra var i 1878 41,15 mål inkludert ei kve ved nordgard Storvikssætra. Det var fast busetjing frå 1880, og Storvikssætra vart kjøpt frå Storvik i 1941.

Syver Knutsen Bråten 1842-1919 var son til Knut Eriksen Valbjør og Brit Olsdtr. Bråten 1823-1913. Syver var i 1900 forpaktar av sæter, han vart 1870 gift med Mari Hansdotter Bjørnstadeie Øyhusom 1848-1942 dotter til Hans Johannessen Øyhusom. Syver og Mari hadde 12 barn:

Ragnild 1869-1956, g.m. Hans Hansen Gudbrandstuen Jeilen 1861-1939. I Randsverk
Rannei 1872-1933, g.m. Hans A Bråten f.1872. Til Heggero.

Knut 1874-1877

Hans f.1876, til USA

Kari f.1878

Mari f.1880

Marit 1882-1882

Ole 1882-1883

Olia f.1883, g.m. Syver Bakken ø.

Ole f.1885, til USA 1907

Hanna f.1888, hadde med Svein Iversen Storviksløkken f.1878 sonen Syver f.1907

Ola f.1890, neste brukar

Syver hadde med Barbro Andersdtr. Tasmyrhaugen f.1852 1 barn:

Mari f.1882

Ola Storvikssæter var gift med Malene Tronhus 1887-1958. Storvikssætra vart mykje brukt som kvilingsstad ved lasskjøring.

Bruhaugen overtok Storvikssætra i 1957 og brukte den som sæter frå da. Ragna Bruhaugen var i slekt med Ola Storvikssæteren, ho var dotter til Syver Jeilen f.1892 og Ragnhild Kveen 1895-1932, og Ragnhild Syversdotter Storviksæter 1869-1956 var dermed bestemor hennar.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Kari Storvik, 2018: Brugrenda, Storviksroa, Nordi Nessom

Pålstugusætra

Denne sætra ligg ved avkjøringa til Øygardsnessætra. Pålstugusætra har også gått under namna Kampesætra og Brulykkjesætra, og i 1953 nemnd som Storvikssætra. Pålstugusætra 187/1/813 var sæter til megarden Storvik og truleg den sætra som vart nemnd i 1668. Sætra vart øydelagd i ofsen i 1789 og dei bygde ny sæter på Megardsåsen. Sætra vart nemnd som Vesløygarden og husa låg langt ovanfor vegen, ei tomt er synleg like ovanfor sperregjerdet. Brulykkja som nå heiter Bruhaugen kjøpte nedre delen av sætra i 1867, sætra hadde da kun vore brukt som slåtteland. Sætra gnr. 102 bnr. 3 vart formelt frådelt frå megarden i 1883. Etter at Erik Brulykkja døydde i 1874 overtok nordgard Storvik kvea. Brulykkjesætra var i 1878 15,75 mål. Ola Kampen kjøpte i 1893 sætra som da vart sæter til Pålstugu gnr. 101 bnr. 24. Sætra hadde fast busetjing andre halvdel av 1900-talet, i Norske gardsbruk står det at Johan Øyen kjøpte garden i 1949. Johan 1862-1949 var son til Per Skultbakken og Kari Sæta. Johan vart 1926 gift med Marie Kampen 1900-1983 dotter til Ola Kampen. Johan og Marie hadde 7 barn:

Per 1926-2009, g.m. Eldrid Grevrusten 1933-1990

Astrid 1927-2015, g.m. Kristian Engen 1926-1994

Oskar 1930-1994, g.m. Embjørge Brimi, Lom 1925-2008

Kari f.1931, g.m. Torleif Bastnes, Drangedal 1924-1995

Hjalmar 1932-2013, g.m. Tatiana Avdouevskaja f.1921

Ragnhild 1934-2020, g.m. Tor Jakobsen 1921-2011

Jan f.1936, g.m. Marit Eklebakken, Lom 1940-2014

Hjalmar var den siste som budde i Pålstugusætra.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Øygardsnessætra

Dette ligg nedanfor Pålstugusætra. Øygardsnessætra gnr. 101 bnr. 2 er eit eige gardsbruk. Dyrkinga 187/1/811-1338 ligg aust for det nye tunet. Søre delen av sætra har tilhøyrd nordgard Storvik og er truleg den sætra som vart nemnd i 1668 og 1800. I 1869 vart sætra brukt som sommarsæter. I 1878 var sætra på 21,50 mål. Sætra vart i 1886 frådelt frå nordgard Storvik og i 1889 var det makeskifteskjøte mot Bessesæter slik at nordgard Sandnes overtok denne sætra. I 1895 vart sætra seld frå Sandnes til Øygardsneset gnr. 67 bnr. 7. Nørdre delen av kvea på Øygardsnessætra vart i 1869 nemnd å tilhøyre sygard Storvikssætra, kvea vart kjøpt frå sygard Storvik ca. 1900. Øygardsnessætra vart delt frå Øygardsneset i 1987 som eige gardsbruk, nytt tun er bygd like ved. Driftsbygning vart bygd i 1985, men Ola Odnnes f.1922 og Kari Visdal f.1924 budde i søre Ringneset. Ola og Kari hadde 5 barn:

Knut f.1948, g.m. Bodil Uhlen, Nord-Fron f.1955. Til Øygardsneset
Hanna f.1954
John Egil f.1960, neste brukar
Ivar f.1963
Arnt f.1966

Eigar frå 1993 er John Egil Odnnes f.1960. John vart 1991 gift med Aase Bruøygard, Lom f.1961 dotter til Steinar Bruøygard f.1931 og Margot Kvåle f.1930. John og Aase har 3 barn:

Kari Margot f.1986
Stig Ola f.1990
Rikard f.1995

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, folketeljningar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Darthus

Dette ligg mellom Vollheimsætra og Åsrud. Darthus 187/1/674 tilhøyrrer familien Olsen. Darthus var sæter til nordgard Viste gnr. 83 bnr. 1. Viste fekk i 1686 bygsel på ein engslått som vart kalla Dorthusstulen. I 1742 fekk Viste fornya bruken av Darthus-stuen. Sætra vart i 1800 nemnd som sæter til Viste, i 1869 var sætra fullt bygd og brukt sommar og vinter. Darthus vart bortleigd frå 1906 til godseigar Kristian Jakhellen. Chr. Aug. Jakhellen,

Christiania f.1870 var gift med Agnes Sundt, Bergen f.1873. I 1910 budde dei på Darthus og hadde både gardskar, budeie og kokken, Christian vart nemnd som rentier og forpaktar.

I 1911 overtok disponent O. Pedersen, og i 1921 var det forpaktingskontrakt frå Johs. Viste til ingeniør E. Pedersen og fru G. Paaske.

I 1926 vart Darthus seld til Halvdan Mustad, Vardal 1874-1967. Halvdan var gift med Edle Smith 1880-1965, dei hadde bl.a. dottera Henriette 1906-1998.

Henriette var gift med Thomas Olsen 1897-1969, dei hadde 1 barn:

Petter Olsen, f.1948, neste eigar

Petter Olsen overtok Darthus i 1974

Darthus har frå 1905 vore feriestad, men også vore drivi som gardsbruk av forpaktarar. Anton Tøfte 1894-1988 vart 1916 gift med Gina Legun 1897-1972, dei var forpaktar 1918-1947.

Anton og Gina hadde 5 barn:

Asmund f.1917, neste brukar

Borghild f.1919

Olav Reidar f.1928

Julie f.1930

Anna 1932-1947

Asmund var gift med Gunhild Valdvik f.1912, dei var forpaktarar 1947-1964. Asmund og Gunhild hadde 2 barn:

Ivar

Anna Kari

Oddmund Kleiven, Heidal 1924-1994 vart 1947 gift med Signe Randen, Heidal f.1926, dei var forpaktarar 1964-1984. Oddmund og Signe hadde 3 barn:

Agnes f.1947

Karl Olav f.1951, neste brukar

Synnøve f.1962

Karl var forpaktar 1984-1994, han var gift med Hildegunn Nilsen, Andøya f.1952. Karl og Hildegunn har 2 barn:

Marian f.1974

Øystein f.1975, neste brukar

Øystein var forpaktar 1994-1996

Jonny Steen var forpaktar 1997-2000.

Stein Berg var forpaktar 2001-2011.

Bjørn Henning Kveen er busett der frå 2012.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Olav Kvarberg

Lemonsjøen fjellstugu

Knut K Nettet fekk hausten 1956 festekontrakt på 5 dekar tomt til fjellstugu frå skogforvaltaren i Nord-Gudbrandsdal, kontrakta vart godkjend av landbruksdepartementet og tinglyst i juni 1957. Knut Nettet 1927-2011 var son til Knut Olsen Stokstadneset 1892-1979 og Agnes Emilie Karlsen, Våler 1897-1988.

I januar 1979 vart det tinglyst ny festkontrakt til Georg og Bernt Furuset. Bernt og Marit Furuset kjøpte fjellstugu ca. 1978. Marit Furuset f.1954 fekk i 1991 heimel til Lemonsjøen fjellstugu gnr. 187 bnr. 20 f.nr. 2. Ho fekk samtidig heimel til utleiehyttene gnr. 187 bnr. 1 698. Gnr. 187 bnr. 20 f.nr. 1 bustad vart oppretta i 2015. Bernt og Marit har 2 barn:

Mari f.1974

Tor Ivar f.1985

Mari har 3 barn:

Kelly f.2005

Steven f.2010

Calvin f.2010

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Slombhaugen

Slombhaugen gnr. 187 bnr. 25 ligg ovanfor gammelvegen mellom Kalven og Randsverk. Slombhaugen vart rydda i statsalmenniga om lag 1840, i 1869 står det at plassen var busett og bygd. Slombhaugen var festebruk i almenninga fram til nyare tid. Iver Siversen Lunde systugu 1807-1888 var son til Syver Olsen Lunde s. 1770-1841 og Mari Iversdr. Viste u. 1778-1859. Iver vart 1834 gift med Mari Knutsdotter f.ca.1808 dotter til Knut Holesæter, ved

barnefødsler var dei på Lunde til 1844, medan dei frå 1847 var i Slombhaugen. Iver og Mari hadde 7 barn:

Ragnild f.1830

Ole 1833-1902, neste brukar

Ragnild f.1838

Eldri f.1841

Iver f.1844

Hans f.1847

Syver f.1851

Ole vart 1860 gift med Ingri Pedersdotter Skjellum f.ca.1834 d.1915 dotter til Peder Christensen Sveeie. I 1864 og 1866 budde dei på Øygarden under Øy, Ole vart da nemnd som smed. Ole og Ingri hadde 8 barn:

Iver f.1858

Peder f.1860

Ole 1864-1865

Mari f.1866

Iver 1868-1868

Ole f.1869

Jørgen f.1872, til Amerika 1893

Iver 1876-1950, neste brukar

Iver 1876-1950 overtok som bygslar etter faren. Iver hadde med Karen Kleiven, Heidal 1897-1989 1 barn:

Oddmund Kleiven 1924-1994, neste brukar

Oddmund bygsla Slomhaugen 1952-1985. Han vart 1947 gift med Signe Randen, Heidal f.1926 dotter til Ole Randen og Anna Svensrud. Oddmund og Signe forpakta Darthus frå 1964 og budde der. Oddmund og Signe hadde 3 barn:

Agnes f.1947

Karl Olav f.1951, neste brukar

Synøve f.1962

Karl Olav var bygslar frå 1985. Slombhaugen vart frådelt frå almenninga i 2017 og Karl fekk heimel i 2018. Karl var gift med Hildegunn Nilsen, Andøya f.1952 dotter til Sigmund Nilsen f.1916 og Solveig Larsen f.1917. Karl og Hildegunn har 2 barn:

Marian f.1974

Øystein f.1975

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Stormyren

Denne sætra ligg nedanfor gammelvegen mellom Kalven og Randsverk. Stormyre 187/1/876 tilhører Søremschaugen gnr. 14 bnr. 3. Sætra vart kjøpt i 1931 frå Syver Jeilen som budde der med familien, i ei stugu mellom gammelvegen og Stormyren budde foreldra hans. Syver Hansen Jeilen f.1892 var son til Hans Hansen Gudbrandstuen Jeilen 1861-1939 og Ragnhild Syversdotter Storviksæter 1869-1956. Syver var gift med Ragnhild Antonsdotter Kveen 1895-1932 dotter til Anton Isaksen Moen Jønndalstugu 1867-1943 og Rønnaug Hansdtr. Ulen 1856-1934. Frå 1922 budde dei truleg på Stormyren, i 1922 vart Syver nemnd som arbeidar og i 1924 og 1926 som småbrukar og busett i Randsverk. Seinare var dei truleg på Bergeenden i Kveom. Syver og Ragnhild hadde 4 barn:

Ragna 1922-2013, g.m. Jørgen Bruhaugen 1922-2008

Helga 1923-2011, g.m. Johan Bårdseng, Løten 1918-1998

Alfred f.1925

Syver f.1932

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Kari Storvik, 2018: Brugrenda, Storviksroa, Nordi Nessom

Sætasætra

Denne sætra ligg ovanfor kafeen i Randsverk. Sætasætra 187/1/880 er sæter til Sæta gnr. 24 bnr. 10 (Semon-Sæta, der Storbrand hadde tunet). Sætra vart i 1869 brukt av Simen Olsen Sæta og var da brukt som slåtteland.

Simen Kristoffersen Sæta 1876-1947 var gift med Tea Visvollen, Lom 1872-1955. I 1920 budde familien på Sæta, men seinare flytta dei til sætra. Simen og Tea hadde 8 barn:

Rønnaug 1897-1992

Jørgen 1904-1959, g.m. Anna Bøye, Skjåk 1905. Til Skjåk

Gunhild 1906-1986, g.m. Anders Myrhaug 1893-1978

Sigurd 1910-1970

Torø f.1912, g.m. Gustav Søremschaugen 1900-1986

Ingri f.1915

Ragnhild f.1917, g.m. Syver Martinussen 1905-1974

Karen, g.m. Pettersen

Rønnaug og Sigurd var dei siste som budde i Sætasætra. På stadnamnkart er det notert at det budde folk der til midten av 1960-åra.

Sonen til Jørgen, Trygve Sæta f.1938 overtok Sæta og dermed sætra etter besteforeldra i 1965. Systema Reidun Sæta Opseth f.1941 overtok i 2011.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Norske gardsbruk 1953-1997
Ivar Vassdokken

Bommen

Lene og Per Vassdokken kom til Randsverk i 1930-31 etter at Mari var fødd. Dei etablerte tidleg på 1930-talet servering, bomstasjon og overnatting. I starten budde dei i bomstugu. Per Vassdaokken 1900-1977 var son til Jakob Johannesen Øygarden Vassdokken f.1870 og Marit Johannesdtr. Løkkesæteren, Heidal f.1868. Per var gift med Lena Jakobsdotter Bruhaugen 1904-1963 dotter til Jakob Olsen Brun 1865-1933 og Ingeborg Runningen 1872-1905. Per og Lena hadde 4 barn:

Mari 1930-2011, g.m. Kjell Rugsveen 1943-2023
Ivar f.1933, g.m. Kirsti Granlund f.1944
Julie 1935-2012, g.m. Torleif Rindhølen 1932-2021
Jørgen 1938-1987, g.m. Rita

Ivar Vassdokken fekk i 1968 feste på tomt gnr. 187 bnr. 1 f.nr. 300 til bustadhus og kafe. Ivar og Kirsti dreiv også bensinstasjon. Ivar og Kjersti har 3 barn:

Per Henry f.1967
Jermund f.1969
Finn f.1970

Mari Vassdokken fekk i 1968 feste på tomt gnr. 187 bnr. 1 f.nr. 299 til bustadhus og kiosk. I 1976 fekk Kjell Rugsveen f.1943 feste på 5 da til camping og hytter gnr. 187 bnr. 1 f.nr. 366. Kjell og Mari har 3 barn:

Nina f.1971, g.m. Hans Peter Brag, Danmark f.1965
Tove f.1973
Vidar f.1976

Nina og Hans Peter overtok campingplass, kiosk og bustadhus i 1999 og kafeen i 2007.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Kari Storvik, 2018: Brugrenda, Stovviksroa, Nordi Nessom

Sjodalsvegen 9, 187-1-220

Pål O Vangen f.1926 fekk i 1954 feste på tomt til bustad.

I 1965 var det skjøte på hus med festerett frå Pål Vangen til Torstein Melvold d.1982 som fekk ny festekontrakt i 1966. I 1991 var det heimelsoverføring til Kristine Pedersen f.1936 og same året var det skjøte frå Kristine Pedersen til Elin Pedersen f.1958 og Torstein Pedersen f.1962.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Søre Vangen

Denne sætra ligg ved vegen ved oppkjøringa til Blessomsætra. Søre Vangen 187/1/883 tilhøyrrer oppigard Sør-Sandbu gnr. 16 bnr. 2. Tidlegare budde ein familie på Vangen, dei hadde eigne dyr og eige fjøs og slo kvea på halvt. Ola P. Vangen forpakta sætra frå 1907 og det var fastbuande der til 1963. Sætra vart brukt som kvilingsæter både av Sandbu og andre. Vangen vart også brukt som kvile og overnatting for dei som var på kjøring, det var kaffesalg. Sætra vart nemnd som heimsæter eller kvilingsæter i 1800. I 1869 var setra kvilingsæter, men bortforpakta til John Kleiven som låg der om vinteren.

I 1875 var Ole Hansen Sandneshagen inderst på Randsverk-sæter som tilhøyrrde Sandbu upp.-sør. Ole f.1850 var tømmerhauggar, men leigde ei sæterkve under nordgard Blessom og hadde geit og sau. Ole var gift med Guri Johnsdotter Blessomeie f.1850, dei var i tid i Blessomlykkja og reiste seinare til Amerika. Ole og Guri hadde 3 barn:

Anne f.1870

John f.1872

Rønnaug f.1875

I 1900 var Ole Kvernhusaugen forpaktar av søre Vangen. Ole 1850-1928 var son til Lars Olsen Kvernhusaugen 1817-1893 og Gunhild Guttormsdtr. Råstad m. 1824-1904. Ole vart 1877 gift med Ragnhild Thorsdotter Haugen Sandbueie f.1854, dotter til Thor Johannesen Haugen. I 1894 vart Ole og Ragnhild nemnde i Randsverk, i 1902 kjøpte Ole nistugu Stokstad. Ole og Ragnhild hadde 9 barn:

Gunhild 1878-1957, g.m. Nils Odden 1866-1911, til Skottlien.

Anne f.1880, g.m. Anders Høystad f.1873

Thor f.1883

Hans f.1885
Imbjør f.1887
Ragnhild f.1889, g.m. Ola O Sveen m. f.1889
Lina f.1891
Marit 1894-1970, g.m. Iver Sveahaugen
Ole 1896-1953, på Stokstad

I 1910 og 1920 var Paal I Bolstadløyken forpaktar på Vangen. Paul Isaksen Bolstadløyken 1868-1954 var son til Isak Toresen. Paul vart 1894 gift med Anne Thorsdotter Jeilen 1862-1922 dotter til Thor Hansen. Paul og Anne hadde 1 barn:

Mari f.1897, neste brukar

Mari Vangen vart 1924 gift med Ola P Rognstad, Heidal f.1898 son til Pål Pålsen Rognstad f.1864 og Marit Olsdtr. Brenna f.1865. Ola og Mari hadde 6 barn:

Marit f.1924, g.m. Alvin Brustuen 1912-1985

Pål f.1926

Arne 1928-2020, på Vangen

Petra f.1931, g.m. Jon Kobbersletten

Olga Mathilde f.1932, g.m. Tor T Tofte 1916-1976. Bjølstad i Heidal.

Anne 1940-2011, på Vangen

Sjodalsvegen 22, 187-1-245

Ola P Vangen fekk i 1961 festekontakt på tomt til bustadhus nedanfor veggen på søre Vangen. Festekontakta vart i 1982 overført til Arne Vangen 1928-2020 og han fekk samtidig skjøte på bebyggelsen.

Sondre Fagerheim Tofte f.2000 har overteke Vangen etter Arne som var bror til bestemora Olga.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Arnfinn Engen: Gards- og slektshistorie for Heidal, bind 1

Randsro

Randsro ligg ovanfor Stykkjesætra og Skjellhaugen. Randsro gnr. 163 bnr. 1, gnr. 164 bnr 1 og gnr. 175 bnr. 1 har i lang tid vore eige gardsbruk for familien Øvre. Gardskart.nibio: 17 da fulldyrka og 7 da innmarksbeite. Thor Øvre kjøpte Nørdre Randsroen ovanfor Skjellhaugen vi 1847 frå nigard Sandbu, medan søre Randsroen ovanfor Stykkjesætra vart kjøpt i 1863 frå nigard Viste. Søre Randsroen hadde nigard Viste kjøpt i 1839 frå sygard uppistugu Sandbu

som da var ein del av nordgard Sandbu. Etter avtale i 1853 skulle sygard Blessom kunne bruke søre Randsroen til kvilingssæter. I 1869 vart Randsro nemnd som Thor Øvres sæter og brukt som sæter av han som var husmann under Øy. Sætra var da bygd, men vart brukt berre om vinteren da den ikkje hadde hamnrett.

I 1900 var Ole Ellefsen Øvre f.1843 jordbrukar på Øvre sæter eller Randsroen. Ole Ellefsen Sandbueie f.1843 var son til Ellev Olsen Sandbueie. Ole vart 1869 gift med Gunhild Thorsdotter Øyseie Øvre 1842-1926 dotter til Thor Olsen Øyseie. I 1875 budde Ole og Gunhild på Øvre der han hjelpte svigerfaren.

I 1910 var John J Øvre 1884-1959 sjølveigar på Randsroen. John Johansen var son til Johan Johnsen Søremskleiven Steinen nedre 1857-1940 og Else Olsdr. Øvre 1861-1919 dotter til Ole Svendsen. John vart 1908 gift med Rønnog Jakobsdotter Nilsonlykkja 1876-1938 dotter til Jakob Paulsen Harlaugsæter Nilsonlykkja f.1852 og Kari Andersdr. Storbækengen Steineeie f.1848. John og Rønnaug hadde 1 barn:

Gunhild f.1912, neste brukar

Gunhild overtok etter faren i 1960. Kristian Skredemellem f.1923 frå Felleaseløkken budde på Randsro. Gunhild Øvre hadde 1 barn:

Jon Reidar f.1952, neste brukar

Jon Reidar var gift med Liv Berit Bjørtomt, Hurdal f.1952 dotter til Jon Bjørtomt f.1926 og Eva Rognstad f.1928. Jon Reidar og Liv Berit har 2 barn:

Johanne f.1978

Lena f.1980

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Skjellhaugen

Skjellhaugen ligg i Randsverk mellom Stykkjesætra og Tronhus. Skjellhaugen gnr. 166 bnr. 1 er nå eit gardsbruk. Skjellhaugen var tidlegare ein del av ei sæterkve som tilhørde oppigard Sør-Sandbu, og som i 1856 vart kjøpt av husmann på Skjellum under Sandbu og brukt som sæter til dette bruket. Sætra vart frådelt frå Sandbu og overskjøta i 1861. I 1860-åra vart det nemnd at sætra var brukt som sæter til plassen Skjellum. I 1869 vart Skjellhaugen kjøpt av Helle og brukt som kvilingssæter. Etter at Helle selde Skjellhaugen i 1932 hadde dei att rett til

bruk av fjøs til kvile på sæterferdene til Griningsdalen, dette fjøset stod til ca. 1970 og stod mellom husa på Skjellhaugen og Stykkjesætra. I panteregisteret er det om Skjellhaugen brukt namnet Myrkveen og halve Vangkveen, og i 1932 vart Rindmyre gnr. 166 bnr. 2 kjøpt av staten.

I 1900 budde enkja Marit K Skjellhaugen 1825-1909 i nørdrø stugu på Myrkveen og Vangsæter. Familien budde i Randsverk da mannen døydde i 1894. I folketeljinga 1891 er det nemnde i husliste mellom folk på Tronhus og Skjellhaugen, så truleg budde dei på Skjellhaugen da også. I 1859, 1865 og 1881 vart familien nemnde i Hellelykkja. Marit var frå Lom, dotter til Knut Mortensen Lyngved 1779-1858 og Guri Tordsdr. Kvernstuen f.ca.1788 d.1867. Marit var gift med Ole Olsen Hellelykkja 1821-1894, son til Ole Olsen Helleløkken f.ca.1788 d.1875 og Anne Olsdr. f.ca.1786 d.1855. Marit og Ole hadde 3 barn:

Knut 1849-1929, g.m. Kari Olsdr. Jelet 1844-1935. Til Lom, tok namnet Vole

Guri f.ca.1852, g.m. Lars Larsen Kvehaugen f.1844

Anne 1859-1955, ho hadde barna:

Hans f.1881, faren var Hans Gudbrandsen Volden f.1859. G.m. Torbjørg Olsdr. f.1891, til Rjukan

Mari f.1886, faren var Knut Hansen Storviksranden f.1860. G.m. Johan Larsen, Lom

Anne f.1892, faren var Johannes Hansen Høgberget f.1875. Til USA, truleg gift Wiese Ragnhild 1899-1979, faren var Ole Iversen Lunde 1872-1950. G.m. Ola Iversen Moen 1889-1967

Marit 1899-1991, faren var Ola Iversen Lunde 1872-1950. G.m. Lars Edvartsen Opheim, Gausdal 1898-1978.

Ole Knutsen Ruskelykkja 1851-1893 var son til Knut Jakobsen Ruskelykkja 1825-1891 og Mari Olsdr. Damstugu 1825-1898. Ole vart 1882 gift med Anne Enersdotter Tessanden n. 1862-1932 som var dotter til Ener Eriksen Helle 1808-1876 og Ingri Hansdr. Tessneset 1829-1911. Ved barnefødsel i 1887 var familien i Randsverk. I 1893 budde dei på Skjellhaugen, Ole vart da nemnd som dagarbeidar. I 1900 og 1910 vart enkja Anne Enersdotter nemnd som forpaktar. Ole og Anne hadde 3 barn:

Knut 1883-1966, neste brukar

Einar 1887-1964

Anne 1893-1977, g.m. Ivar Jørgensen Storvik 1895-1990. Dei hadde døtrene Eldrid f.1929 og Anne f.1932

Knut Skjellhaugen kjøpte Skjellhaugen i 1932 frå Helle. Knut eigde også bruket nørdrø Tessanden gnr. 86 bnr. 5 der mora var frå i tida 1906 til 1935 og familien budde der i 1920.

Stein Holen f.1955 overtok Skjellhaugen i 1966 etter Knut Skjellhaugen som var bror til bestemora. Stein er son til Hans H Holen f.1930 og Eldri Storvik d.1929. Stein vart 1975 gift med Astrid Nyøygard, Lom f.1957 dotter til Ottar Nyøygard f.1930 og Anne Lyngheim f.1937.

Sverre Letrud forpakta Skjellhaugen fyrst på 1970-talet. Sverre Letrud, Nord-Fron f.1919 var son til Ola Sagflaten, Vågå og Rønnaug Letrud. Sverre vart 1942 gift med Agna Nettet f.1921 dotter til Knut O Nettet og Agnes Nygård, Våler i Østfold. Sverre og Agna hadde 4 barn:

Astrid f.1943, g.m. Finn Melby
Knut Ole f.1944, g.m. Kari Aurud
Asbjørn f.1948, g.m. Reidun Haug
Elisabeth f.1959, g.m. Terje Odde

I tida som Stein Holen var eigar var det fleire som budde på Skjellhaugen.

Ola Hjellum kjøpte Skjellhaugen i 2002.

Hans Petter Bakke f.1987 og Lillian Anita Jakobsson f.1987 overtok Skjellhaugen i 2013.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet

Bråtåhaugsætra

Denne sætra ligg øvst og lengst vest ovanfor Tronhus. Bråtåhaugsætra gnr. 167 bnr. 2 tilhøyrrer Steinli gnr. 32 bnr. 13 ved Råstad. Sætra har tilhøyrd nigard Sør-Sandbu. Bråtåhaugsætra kan vera sommarsætra som nigard Sandbu hadde i Randsverk i 1668 og som i 1800 vart nemnd som heimsæter eller kvilingssæter, men nigard Sandbu hadde også Sandbuskvea og nørdrre Randsro. Etter nigard Sør-Sandbu tilhøyrd kvea Sve som selde den i 1865 til Ole Erlandsen Bråtåhaugen. Sve skulle som del av oppgjeret ha leveranse av høy, og i 1881 fekk Sve feste på låvetomt ved vegen og låve og fjøs der vart brukt til kvileplass for Sve. Bråtåhaugsetra var i 1869 bygd og brukt om vinteren. I 1869 tilhøyrd sætra Bråtåhaugen. Sætra vart kalla Stuekveen og vart skyldsett i 1902.

I 1900 var enkja Marit Braatehaug f.1827 sjølveigar, ho var frå Vang dotter til Johannes Iversen Vangen 1795-1877 og Ingebjørg Christensdtr. Kjøpanger f.ca.1798 d.1878. Marit var gift med Ole Erlandsen Bråtåhaugen 1831-1896, dei hadde 4 barn:

Ole f.1855, g.m. Marit Eriksdtr. Sanden 1856-1893. På Bråtåhaugen
Johannes f.1858
Erland f.1862
Iver O Haugen f.1865, budde i Randsverk saman med mora i 1900

I 1910 budde Anders P Næsset f.1855 og kona Anne Olsdtr. f.1857, ti år før var dei på Øyasætra.

I 1937 stod Anders O Bråtåhaugen som eigar, han var fastbuande der til 1947. Anders var frå Bråtåhaugen son til Ole Olsen Bråtåhaugen f.1855 og Marit Eriksdtr. Sanden 1856-1893,

Steinli overtok sætra fyrst på 1960-talet.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Villasætra

Denne sætra ligg mellom Tronhus og Bråtåhaugsætra. Villasætra 187/1/894 var sæter til Villa 19 bnr. 6 i Vågåmo. Sætra er på 2000-talet overført til Sollid gnr. 113 bnr. 1. Sætra tilhørde tidlegare Kræmar-Sandbu og vart i 1808 bytt med Pina slik at sygard Kleppe overtok denne. Sætra var i 1869 kvilingssæter til sygard Kleppe, da brukt på halvt av Syver Braaten (Øver-Bråtå). Sætra var da fullt bygd og brukt om vinteren. I 1900 var Kleppesætra bortforpakta med fast busetjing. Seinare har Villa overteke sætra, Knut Villa kjøpte Villa (Villarunningen) i 1917 så kjøpet av sætra må vera seinare enn dette. Skylddeling og skjøte av sætra frå Kleppe til Villa skjedde i 1928, da vart det brukt namnet Villasætra så kjøpet kunne ha skjedd tidlegare. Syhågå brukte sætra på 1960-talet. Villasætra med Tronhuskvea og del av Randsro (Hans Nasset) kan vera sætra til sygard Nord-Sandbu som vart nemnd som sommarseter i 1668, og som også vart nemnd i 1800.

I 1900 var Hans H Jeilen forpaktar på Kleppesætra i Randsverk. Hans Hansen Gudbrandstuen Jeilen 1861-1939 var son til Hans Hansen. Hans vart 1891 gift med Ragnhild Syversdotter Storviksæter 1869-1956 dotter til Syver Knutsen Bråten 1842-1919 og Mari Hansdotter Bjørnstadeie Øyhusom 1848-1942. Hans og Ragnhild hadde 7 barn:

Syver 1889-1892

Syver f.1892, g.m. Ragnhild Antonsdtr. Kveen 1895-1932

Kari f.1899

Mari 1900-1978

Helga 1903-1966

Hanna 1906-1989

Ragnhild 1910-1994, g.m. Jonas Berget, Dovre 1909-1975

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Jeilstugu

Fuglsætervegen 5 gnr. 187 bnr. 1 f.nr. 401.

Hans Hansen Gudbrandstuen Jeilen 1861-1939 var son til Hans Hansen Gudbrandstuen 1833-1915 og Kari Hansdtr. Åsengeie f.1835. Hans vart 1891 gift med Ragnhild Syversdotter Storviksæter 1869-1956 dotter til Syver Knutsen Bråten 1842-1919 og Mari Hansdotter Bjørnstadeie Øyhusom 1848-1942. I 1900 budde familien i Villasætra, i 1920 i Sjøremssætra og ei tid i ei stugu ovanfor Stormyren. Seinare har dei kome hit. Hans og Ragnhild hadde 7 barn:

Syver 1889-1892

Syver 1892-1932, g.m. Ragnhild Antonsdtr. Kveen 1895-1932

Kari f.1899

Mari 1900-1978, neste eigar

Helga 1903-1966

Hanna 1906-1989

Ragnhild 1910, hadde dottera Reidun

Etter at faren var borte budde Mari Jeilen 1900-1978 her saman med mora. Også brorsonen Syver Jeilen f.1932 budde her, han var son til Syver Jeilen 1892-1932 og Ragnhild Antonsdtr. Kveen 1895-1932.

Mari Jeilen fekk festekontrakt i 1980 med påteikning om at festeretten skulle overførast til brorsonen Alfred Jeilen f.1925. Svein Åge Jeilen f.1949 fekk heimel til festeretten i 2010.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Ivar Vassdokken

Randsro nördre

Randsro ligg vest for Villasætra ovanfor Tronhus. Randsro 163-2 og 4 har fast busetjing av familien Øyen. Etter kart frå 1871 ser det ut til at delar av dette var ein del av kvilingssætra til sygard Kleppe. Hans Nettet 1890-1982 frå Nettet søre var son til Anders Hansen Nettet s. f.1859 og Rønnaug Toresdtr. Enden 1856-1946. Randsro vart skyldsett i 1938 med skjøte frå landbruksdepartementet til Hans Nettet for kr 100,-. Hans var gift med Kari Jensdtr. Tronhus 1885-1950 dotter til Jens Pettersen Tronhus f.1846 og Brit Jacobsdtr. Skjellum 1853-1929.

I 1986 var det heimelsovergang frå Hans A Nesset til Einar Jansen 1921-1986. Dette vart ordna etter at Jansen døydde, det betyr at Jansen må ha overteke før. Jansen brukte Randsro som feriestad frå 1960-talet.

Odvar A. Mikaelsen 1918-1997 kjøpte bruket i 1987 og budde i det gamle huset. I 1988 tok Wanja og Paul Øyen over Randsro og bygde seg nytt hus. Wanja f.1967 er dotter til Odd Lillerud f.1944 og Annie Mikaelsen Heggeli f.1946, Oddvar Mikaelsen var morfaren. Wanja var gift med Paul Øyen f.1961 son til Per Øyen f.1926 og Eldrid Grevrusten f.1933. Wanja og Paul har 4 barn:

Odvar f.1988
Sigurd f.1990
Eldrid f.1993
Asbjørn f.1996

Det gamle tunet vart frådelt i 2001, eigar er Randi Bårdseng f.1949 og Bernt Gunnar Haug f.1954. Ho er dotter til Helga Jeilen og Johan Bårdseng.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Tronhus

Dette ligg mellom Skjellhaugen og Søremssetra. Tronhus gnr. 167 bnr. 1 og 3 tilhører familien Borud. Gardskart.nibio: 27 da fulldyrka. Tronhus har det meste av tida vore brukt som turiststad. Kvea vart før 1839 seld frå oppigard Sør-Sandbu. Amundkvea vart nemnd i 1864-70 som sæterbruk som truleg ikkje hadde hamnrett. Ommonsetra vart skyldsett i 1863 og frådelt frå Sandbu sygard oppistugu som da var ein del av nordgard. I 1869 var setra fullt bygd, men brukt kun som slåtteland av Rønnaug Jensdotter Stokstad. Men alt i 1864 hadde sonen Johannes Wiborg overteke Amundsætra, og i 1881 var det skjøte frå han til Jens Pettersen Tronhus. Peterkvea ovanfor vart skyldsett med kongeleg skjøte i 1921. Fast busetjing til 1968.

Tronhuskvea ligg mellom Krokumssætra og Bråtåhaugsætra. Tronhuskvea 187/1/893 tilhører Tronhus gnr. 167 bnr. 1. Tronhuskvea ser ut frå kart i 1871 ut til å ha tilhørt nordgard Sandbu. Kvea vart da brukt til slåtteland og var bygd med ei lyu. Dette kan vera Byteskvea som vart frådelt frå nordgard Sandbu i 1888, da som gnr. 18 bnr. 2, dette var ei øy i Otta med sæter i Randsverk. Hans Syversen Braaten kjøpte dette med skjøte i 1889. Han hadde fyrst øvre Bråtå i Sjørdalen, men var frå 1893 i Sveinlykkja på Lalm. Enkja selde i 1917 kvea til Fredrik Olsen som i 1918 selde til Tronhus. I dag er Byteskvea gnr. 18 bnr. 14 øya i Otta samt ein sæterrett.

I 1875 budde Peter Jensen Tronhus 1816-1900 på Randsverk sæter som vart nemnd under Sandbu oppigard sør, dette kan vera her. Peter leigde ei sæterkve og hadde ku, geit og sau. Peter var son til Jens Jensen Tronhus 1778-1845 og Magdalene Petersdtr. Munch f.ca.1777 d.1829. Peter vart 1846 gift med Kari Bersvendsdotter Bersvendstugu Øyseie 1819-1898 dotter til Bersvend Nilsen Bersvendstugu 1792-1880 og Anne Olsdtr. Blessumeie 1791-1866. Frå 1850 budde Peter og Kari på Hagen under Prestgard i Heidal. Peter og Kari hadde 10 barn:

- Karen f.1842, hadde med løytnant Fredrik Stang Pladt 2 barn: Karen f.1878, Jørgen f.1882
- Anne f.1844
- Jens 1846-1924, neste brukar
- Anne f.1848
- Jacob f.1850
- Marit f.1853
- Early John Blackwell f.1856
- Mari f.1859
- Ole f.1862
- Pauline f.1864

Jens hadde med Mari Hansdotter Sandbakken 1846-1875 2 barn:

- Kari 1873-1958, til USA
- Peter 1875-1958, neste brukar

Jens vart 1881 gift med Brit Jacobsdotter Skjellum Sveeie 1853-1929 dotter til Jacob Johannesen Skjellum. Jens og Brit hadde 7 barn:

- Mari 1881-1947, g.m. Ole O Borud, Lillehammer 1885-1969
- Rønnaug 1882-1967, g.m. Kristoffer Bakkom 1891-1987
- Kari 1885-1950, g.m. Hans Nettet 1890-1982
- Malene 1887-1958, g.m. Ola Storviksæter 1890-1982
- Anne 1890-1952
- Julie 1892-1975
- Karen 1895-1966

Etter testamente overtok Petter Ommundsætra/Tronhus med skjøte i 1929 for kr 28000 inkl. lausøyre kr 10000.

I 1947 vart Randsverk turiststasjon bortleigd for eitt år til Gerd Skjerven.

I 1947 var det skjøte frå Petter Tronhus til systrene Anne, Julie og Karen samt systemsønnene Ole Borud 1918-1997 og Bjarne Borud f.1921.

Ole Borud 1918-1997 var gift med Anne Marie Haarsaker, Tronfheim f.1919, dei hadde 3 barn:

- Marianne f.1950, g.m. Gustav Natvig, Kristiansand f.1946
- Kristin f.1952, g.m. Tor Henning Evensen, Sandnes f.1949
- Marte f.1959, g.m. Johan Falch, g.2.m. Terje Abrahamsen

Bjarne Borud f.1921 var gift med Sirkka-Liisa Aro, Helsingfors f.1942, dei hadde 2 barn:
Peik Kalle f.1950
Kirsi Marit f.1953, g.m. Bent Hermansen, Oslo f.1949

Eigar frå 1974 var Marianne Borud Natvig, Kristin Borud, Peik Kalle Borud og Kirsi Marit Borud samt Marte Boro som var medeigar 1974-1987.

Kristin Borud har heimel på heile eigedommen frå 2013.

Karl Klashaugen, Heidal 1915-2005 var gift med Inga Holen, Heidal 1917-2003. Dei leigde og dreiv turistverksemd på Tronhus om somrane og påskene frå 1958 til 1969. Karl og Inga hadde 2 barn:

Kjell f.1947, g.m. Eli Forberg, Heidal
Ranveig f.1950, g.m. Jan M Steine

Helge Baardseth leigde og dreiv med pensjonat, leirskule og islandshestar frå 1970 til 1975. Denne tida budde det nokre Oslogutar der heile året.

Svogeren til Helge Baardseth, Bjørn Halvorsen dreiv leirskule frå 1975 til 1982.

Marte Boro og Johan Falch dreiv turistverksemd frå 1982 til 1987.

Norwegian Wildlifte & Rafting leigde Tronhus i sommarhalvåret frå 1988 til 1999 for sine aktivitetar og bustad for guidene sine.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Tor Henning Evensen, Jutulen 2019: Randsverk Turiststasjon/Tronhus

Arnfinn Engen, 2011: Gards- og slektshistorie for Heidal, bind 1

Søremssætra

Denne sætra ligg mellom Tronhus og nordgard Sandbussætra. Søremssætra 187/1/895 tilhøyrrer Sorem gnr. 14 bnr. 1. Sætra har også vore kalla Rindvangen. Sætra vart nemnd som sommarsæter i 1668, sætra vart også nemnd i bygselbrev frå 1732. Sætra vart nemnd som sæter til Sorem i 1800, og i 1869 vart sætra brukt sommar og vinter. Sæterhusa har vore flytte frå øvst på kvea, i 1869 vart det nemnd at dei fekk behalde ei innhegning nedst på kvea mot å leggje ut ei eldre kalvkve. Fleire familiar i Randsverk budde på sætra om vinteren. Vinterlego til 1933-34, da med 33 naut. I 1920 budde Hans H Jeilen på Søremssætra, han var da

gardsarbeidar. Hans Hansen Gudbrandstuen Jeilen 1861-1939 var son til Hans Hansen. Hans vart 1891 gift med Ragnhild Syversdotter Storviksæter 1869-1956 dotter til Syver Knutsen Bråten 1842-1919 og Mari Hansdotter Bjørnstadeie Øyhusom 1848-1942. I 1900 budde familien i Villasætra. Hans og Ragnhild hadde 7 barn:

Syver 1889-1892

Syver f.1892, g.m. Ragnhild Antonsdtr. Kveen 1895-1932

Kari f.1899

Mari 1900-1978

Helga 1903-1966

Hanna 1906-1989

Ragnhild 1910

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Nørdre Vangen

Denne sætra ligg mellom Øyasætra og nordgard Sandbusætra. Nørdre Vangen 187/1/897 tilhøyrrer oppigard Nord-Sandbu gnr. 19 bnr. 1 som er samanslege med nigard Sør-Sandbu. Sætra vart nemnd som sommarsæter til Sandbu i 1668. Sandbu fekk bevilling på sætra i 1758, dette vart fornya i 1779 og da var halve myra med også. Sætra vart også nemnd som sæter til Sandbu i 1800. I 1869 vart sætra brukt som sommar- og vintersæter, på søre sida av Rinda var det ei lita slåttekve (Krokumkvea). Ca. 1860 vart det innlagt to jordstykker til driftekveer. Kart frå 1876 viser at husa da låg nedst på kvea i motsetning til på nabosætrene. I 1920 budde tømmerhauggar Knut Johanson, Sverige f.1895 på nørdre Vangen. Knut var gift med Anna Olsdotter, Vågå f.1898, dei hadde 2 barn:

Bertil f.1917

Signe f.1919

Kristoffer og Rønnaug Bakkom var forpaktarar og budde der året rundt frå ca. 1920 til ca. 1962. Ei tid hadde dei ei stugu ved vegen. Kristoffer Bakkom n. 1891-1987 var son til Erik E Bakkom 1865-1958 og Mari Iversdtr. Bakken 1857-1929. Kristoffer var gift med Rønnaug Jensdotter Tronhus 1882-1967 dotter til Jens Pettersen Tronhus f.1846 og Brit Jacobsdtr. Skjellum 1853-1929.

Ola Sørli leigde sætra ein del år, og etter han Ola Hjellum fram til 1986.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Øyasætra

Dette er siste sætra i Randsverk etter Fuglsætervegen. Øyasætra 187/1/898 tilhører nedre Øy gnr. 21 bnr. 1. Sætra vart nemnd som sommarsæter til Øy i 1668, dette må vera oppigard Ner-Øy som i 1813 vart samanslege med nigard Ner-Øy. I 1730 vart det nemnd at Arne Øy hadde rydda seg sæterbol i Randsverk der han kunne avle 2 lass høy. I 1755 la Lars Arnesen Øy attåt myr til sæterkvea si. Også i 1800 tilhørde denne sætra Ner-Øy, da nemnd som søre Ner-Øy. I 1869 vart sætra brukt sommar og vinter. Kart frå 1876 viser at husa da låg øvst på kvea.

I 1900 var Anders Paulsen Næsset f.1855 forpaktar på Øyasætra. Anders var son til Paul Olsen Næsset n. (Stokstadnesset) og Kari Enersdtr. Braaten f.ca.1826. Anders vart 1878 gift med Anne Olsdotter Jukulen f.1857-1922 dotter til Ole Halvorsen Felleløkken 1832-1909 og Anne Nilsdtr. Moen 1828-1887. I 1910 budde Anders og Anne på Bråtåhaugsætra.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Forsthytta

I 1910 budde skogvaktar Hans T Napen, Nissedal f.1877 i Forstvæsenets hytte.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Bustadfeltet i Randsverk

I nyare tid er det 17 nye tomter i bustadfeltet i Randsverk.

Felt med f.nr. 375 vart oppretta 1977, f.nr. 687 vart oppretta i 1983.

Rindhovdavegen 4, gnr. 187 bnr. 1 f.nr. 680, oppretta 1977 frå f.nr. 375
Magnhild Jotun f.1938 har heimel til feste frå 1977.

Rindhovdavegen 6, gnr. 187 bnr. 1 f.nr.683, oppretta i 1980 frå f.nr. 375.

Ivar Aukrusttrædet f.1940 hadde dette.

Anne Lise Aagaard 1913-1997 og Halfdan Lie1911-1990 overtok.

Magnar Steen f.1964 og Marianne Berg f.1969 har heimel til feste frå 1997

Rindhovdavegen 8, gnr. 187 bnr. 27, oppretta som f.nr.681, gnr. 187 bnr. 27 frå 2018
Rut Edel Rust f.1960 har heimel til feste frå 2003. Ho var gift med Ludvig Steen f.1956.

Rindhovdavegen 10, gnr. 187 bnr. 14, oppretta som f.nr.682, gnr. 187 bnr. 14 frå 2011
Henry 1914-1999 og Ruth Granlund hadde dette huset, det vart bygd ca. 1980.
Dottersonen Jermund Vassdokken f.1969 overtok heimel til eigdommen frå 2012.

Rindhovdavegen 17, gnr. 187 bnr. 1 f.nr.692, oppretta 1985 frå f.nr. 687.
Agnes Kleiven f.1947 hadde dette huset. Dottera Kari overtok.
Kari f.1969 var gift med Bjørn Frode Fossen, Heidal 1970-2007. Kari har heimel til feste frå 2007.

Rindhovdavegen 19, gnr. 187 bnr. 29, oppretta som f.nr.906, gnr. 187 bnr. 29 frå 2018.
Viggo Ressel f.1963 var gift med Ellen Bergdølmo, Heidal f.1963. Viggo har heimel til eigdommen frå 2019. Viggo og Ellen har 2 barn:

Ole Petter f.1983

Matti f.1889

Rindhovdavegen 21, gnr. 187 bnr. 1 f.nr.684, oppretta 1979 frå f.nr. 375
Einar W Ballestad 1922-1989 og Magna Kristine Ballestad 1924-2006 hadde dette huset.
Tor Gunnar Brurusten, Heidal f.1971 har heimel til feste frå 2007.

Rindhovdavegen 23, gnr. 187 bnr. 1 f.nr.1049, oppretta 1987 frå f.nr. 687.
Frank Steen f.1954 hadde dette. Han er gift med Jarnfrid Gjeilosjordet, Lom f.1957.
Turid Berge f.1956 hadde heimel til feste frå 2004.
Oliver Brag har kjøpt huset i 2023.

Rindhovdavegen 25, gnr. 187 bnr. 1 f.nr.1122, oppretta 1994 frå f.nr. 687.
Hilmar Steen f.1948 hadde dette. Han er gift med Ester Gjeilosjordet, Lom f.1958.
Seinare overtok Sørensen.
Asbjørn Øyen f.1996 og Æinne Turtum har heimel til feste frå 2023.

Rindhovdavegen 27, gnr. 187 bnr. 1 f.nr.691, oppretta 1983 frå f.nr. 687
Egil Brun f.1956 har heimel til feste frå 1983.

Rindhovdavegen 29, gnr. 187 bnr. 1 f.nr.1114, oppretta 1987 frå gnr. 187 bnr. 1.
Tord Tofte, Heidal f.1963 var sambuar med Gro Fagerheim f.1969. Tord og Gro har 3 barn:
Mari Fagerheim Tofte f.1995
Eirik Fagerheim Tofte f.1998
Sondre Tofte f.2000
Mari, Eirik og Sondre har heimel til feste frå 2014.

Rindhovdavegen 31, gnr. 187 bnr. 1 f.nr.1048, oppretta 1985 frå f.nr. 687

Sølvi Lillian Gundersen f.1953 har heimel til feste frå 1985. Ho var gift med Kenneth Jakobsson, Vilhelmina i Sverige 1953-2020.

Rindhovdavegen 33, gnr. 187 bnr. 1 f.nr.1050, oppretta 1987 frå f.nr. 687
Gustav Steen f.1962 har heimel til feste frå 1986. Gustav var gift med Tordis Skreden.

Rindhovdavegen 35, gnr. 187 bnr. 1 f.nr.695, oppretta 1984 frå f.nr. 687.
Karl Steen hadde dette.
Vidar Rugsveen f.1976 overtok.
Emil Rugsveen f.2000 har heimel til feste frå 2021.

Rindhovdavegen 37, gnr. 187 bnr. 28, oppretta 1984 som f.nr.696, gnr. 187 bnr. 28 frå 2018.
Oddmund 1924-1994 vart 1947 gift med Signe Randen f.1926, tidlegare var dei i Slombhaugen og Darthus.
Christoffer Rudi f.1988 fekk heimel til feste frå 2015.

Rindhovdavegen 39, gnr. 187 bnr. 1 f.nr.686, oppretta 1982 frå f.nr. 375.
Jonny Steen f.1960 var gift med Gerd Lauvstad.
Seinare budde Hans Bakken f.1952 her.
Tommy Damstuen og Ida Kolden overtok.
Andreas Tvedt Monsen f.1998 har heimel til feste frå 2021.

Rindhovdavegen 41, gnr. 187 bnr. 1 f.nr.685, oppretta 1978 frå f.nr. 375.
Hans Mork 1940-2017 var gift med Anne Mari Sønsteng f.1950. Hans og Anne Mari har 2 barn:

Heidi Merete f.1971

Kjetil f.1979

Heidi Merete Mork f.1971 overtok heimel til feste frå 2022.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Olav Kvarberg

Dag Aasheim

seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Rindhovdavegen 12, 187-1-358

Knut Åsen 1889-1959 var son til Hans Knutsen Sveen Åsen 1862-1950 og Kari Olsdtr. Øygarden u.Kleppe 1869-1955. Knut overtok øvre Åsen i 1942, men overførde i 1947 det bruket til syster og svoger. Knut var gift med Kari Valbjørslykkja ø. 1888-1972 dotter til

Imbert Pedersen Skultbakken 1859-1945 og Ingeborg Olsdr. Valbjørslykkja n. 1862-1947.
Kari flytta attende til Valbjørslykkja etter at ho vart enkje.

Etter dette har denne eigedommen vore fritidsbustad. Bjørn Lyche fekk i 1965 festekontrakt frå skogfuten i Gudbrandsdal. Festet vart 1974 overført til Tordis Johanne Lyche f.1919 med skjøte på hytte i 1980.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Olav Kvarberg

Rindhovdavegen 2, 187-1-238

Feste vart oppretta i 1961. Ola Jotun, Heidal f.1918-1993 var son til Ola Slettmo Nyborg 1890-1958 og Inga Rindhølen ø. 1896-1977. Ola var gift med Kristine Jeilen 1910-1992 dotter til Ole Hansen Jeilen f.1866 og Marit Knutsdr. f.1873. Kristine har dottera

Magnhild f.1938

Ola og Kristine har 2 barn:

Arne f.1948

Kjell Odd f.1950

Kristin Rønningstad f.1967 fekk heimel til festet i 2017, Arne Rønningstad f.1938 har bruksrett.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Arnfinn Engen, 2011: Gards- og slektshistorie for Heidal, bind 1

Rindhovdavegen 1, 187-26

Kristoffer og Rønnaug Bakkom bygde her truleg ca. 1962. Kristoffer Bakkom n. 1891-1987 var son til Erik E Bakkom 1865-1958 og Mari Iversdr. Bakken 1857-1929. Kristoffer var gift med Rønnaug Jensdotter Tronhus 1882-1967 dotter til Jens Pettersen Tronhus f.1846 og Brit Jacobsdr. Skjellum 1853-1929.

Brorsonen til Kristoffer f.1891, Kristoffer Olsen Bakkom 1934-1986 budde her etter at onkelen kom på gamleheimen.

Hans Laurits Watterud f.1944 fekk i 1988 skjøte på bygning frå Kristoffer Bakkums dødsbu og samtidig festekontrakt frå skogforvaltaren. Festenr. 540 vart i 2018 omgjordt til gnr. 187 bnr. 26 og Watterud fekk heimel på eigedommen i 2019.

Mor til Hans Watterud, Astrid Watterud budde her i mange år etter at Hans hadde overteke i 1988. Hans flytta hit seinare.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Olav Kvarberg

Fuglsætervegen 24, 187-1-301

Birger Borgersen fekk i 1968 feste på bustadtomt. Birger 1916-2005 var gift med Rønnaug Brustuen 1917-1988. Før dette budde familien i Vågåmo, men Birger og Rønnaug heldt ei tid til i bombua etter at bommen vart flytta til bortanfor saga og Rønnaug var bokvaktar. Birger og Rønnaug hadde 5 barn:

Bjarne 1942-2022, g.m. Astrid Skånsar

Sigrid f.1944

Olav f.1948

Ingrid

Randi f.1954, g.m. Arild Bergli 1949-2018

Festet vart 1990 overført til sonen Bjarne Borgersen.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Sjodalsvegen 133, 187-1-541

Ola A Randen 1902-1978 var gift med Rønnaug Bakke 1908-1995 dotter til Johannes Olsen Bakke, Vardal 1877-1939 og Marit Steinstuen 1881-1954.

Feste vart oppretta 1993 og avløyste da kontrakt frå 1974 som Ola A Randen hadde med skogforvaltninga.

Eigedommen vart seld til fritidsbustad.

Hans-Christian Andersen f.1947 fekk heimel til feste i 2015.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Seeiendom.no

Almenningsbustadane

Sjodalsvegen 103, 187-1-1387, styrarbustaden

Dette vart bygd 1937.

Lornts Olsen Hammer, Høylandet i Namdalen 1911-1969 var styrar 1935-1942. Han var gift med Marit Svensson 1914-1973.

Nils Haugen, Øystre Slidre 1910-1976 var styrar 1942-1976. Gift med Ragnhild I 1919-2005. Stig Aaboen var styrar 1979-1988.

Festet vart i 2017 oppretta frå 187/1, Sigurd Øien f.1990 fekk heimel til festet i 2018.

Sjodalsvegen 113, 187-1-1120, assistentbustaden

Det er ukjend nå assistentbustaden vart bygd.

Bjarne Lomsdalen var skogassistent frå 1949.

Ivar K Omholdt var skogassistent frå 1955.

Henry Granlund, Fåberg 1914-1999 var skogassistent 1959-1982 og fungerte 1976-1979 også som styrar. Han var 1943-1959 styrar for Heidal fabrikk som dreiv med trekol og tjære på Leirflaten. Henry var gift med Ruth, dei hadde 3 barn:

Kirsti f.1944, g.m. Ivar Vassdokken f.1933

Rita, g.m. Jørgen Vassdokken 1938-1987

Per Helge f.1950,

Feste vart oppretta 1988 frå f.nr. 383 der Langmorkje almenning hadde festekontrakt.

I 1989 var det ny festekontakt samt skjøte på bebyggelsen til Per Nettet f.1956. Per og Heidi Johnsen leigde denne bustaden frå ca.1980.

Ellen Renate Slipelv f.1966 fekk heimel til feste i 2018.

Sjodalsvegen 123, 187-22, kontoret og kasserarbustaden

Det er ukjend når kasserarbustaden og kontoret vart bygd.

Paul Solheim var kasserar 1955-1957.

Rolf Steberg var kasserar til 1964.

Knut Hilde var kasserar til 1970.

Syver Berge var kasserar til 1975.

Kristen Holø f.1924 var kasserar til 1983. Han var gift med Olaus Jotun f.1925.

Kristen var den siste kasseraren som budde der. Etter han var bustaden bortleigd. Nytt kontor vart bygd i 1998.

Ivar og Kirsti Vassdokken kjøpte kasserarbustaden med kontoret, truleg om lag 2007.

I 2017 vart festet gnr. 187 bnr. 1 f.nr. 1216 omgjordt til gnr. 187 bnr. 22.

Eirik Fagerheim Tofte f.1998 fekk heimel på denne eigedommen i 2022.

Saghytta

Saghytta vart bygd 1942 og vart brukt til fyrst på 1980-talet. Saghytta vart brukt av vekependlarar.

Olav Kvarberg f.1958 budde der 1977-1982.

Raud stugu ved Rinda

Denne stugu stod på sagtomta ved vegen til nørðre Vangen.

Asmund Sveine, Pillarviken 1907-1985 budde i denne stugu.

Seinare har fleire budd her, bl.a. Ludvig Steen.

Kjelder:

Rolv Fritsvold, 1999: Langmorkje Almenning

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Seeiendom.no

Sjodalsvegen 179, 187-1-219

I 1956 fekk Syver Grevrusten feste av tomt til bustad frå skogforvaltaren. Syver f.1930 var gift med Magna Olsdr. Kleiven, Heidal f.1937, dei har 6 barn:

Randi f.1956

Svein f.1957

Grete f.1958

Odd f.1960

Marit

Stein Magne f.1971

I 1964 var det skjøte frå Syver Grevrusten til Olav H Bakken og festet vart samtidig overført. Ektefelle Klara Marie Bakken overtok ved uskifte i 1986. Olav H Bakken 1917-1986 var gift med Klara Marie Visdal, Øyagarden f.1922. Olav og Klara hadde 2 barn:

Kåre, g.m. Else Reiremo f.1945

Gerd f.1945, g.m. Ola Fossen, Heidal f.1942

Ragnhild Jacobsen f.1978 og Jon Kjetil Svestad f.1962 fekk heimel til festet i 2021.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

seeiendom.kartverket.no

Sjodalsvegen 201, 187-1-1121

Feste vart oppretta i 1989 med festekontrakt til NM hundeprodukter.

Magnar Aasheim med Sjoa Rafting.

Grethe Høstaker og Kjell Flaten med NWR overtok i 1994.
Hilde Engvik og fleire har drivi her.

Øyvind Jakobsen f.1976 og Trine Marie Flåtten f.1985 fekk heimel til festet i 2019.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
Seeiendom.no

Grevrustbue

Dette ligg nord for Grothovdtjønna. Grevrustbue 187/1/232 var skogsbu for Grevrusten gnr. 92 bnr. 1, men fungerte også som sæter fram til før andre verdskrig. Grevrustbue vart seld til feriestad i 1968. Tomta til bua vart nemnd å vera brukt av Grevrusten i 1869.

Almenninga hadde også bu der, ei tid budde det folk der heile året. Dette var syster til Margit Bosse, Laura Heltberg 1889-1959 dotter til Frithjof Heltberg 1845-1894 og Kirsten Heyerdahl 1858-1910. Laura budde der til ho døydde i 1959. Fyrst på 1950-talet budde Laura i eit hus mellom Håmårsæter og Rindsæter i Heidal.

I same tida budde Knut H Kalbakk 1888-1978 i den andre bua, men han var også på Bergeenden i Kveom.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
Ivar Vassdokken, Olav Kvarberg

Skobekkbua

Torger Grosberg 1868-1943 var son til Iver Iversen Grosberg, Kvikne 1827-1908 og Kari Torgersdtr. Graupe, Kvikne 1830-1910. Familien flytta til Harehaugen i Heidal i 1875, og Torger var brukar det frå 1875 til 1906. I 1900 budde Torger midlertidig hjå broren på Lillehammer og var da målar. Ei tid var Torger i Finnmark før han rundt 1920 kom att og slo seg til i Sjudalen. Torger budde i ei jordhole på Maurvangen, seinare i Skobekkbua der han døydde i 1943.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
Arvid Møller, 2008: Bessheim
Arnfinn Engen, 2012: Gards- og slektshistorie for Heidal, bind 2

Storbua

Asmund Damstuen var son til Anton Damstuen f.1889 og Berte Sæther. Asmund var gift med Sigrid Øyen dotter til Petter Øyen 1891-1967 og Mari Synslien. Asmund arbeidde i skogen og budde ei tid saman med familien i Storbua nedanfor Riddarspranget. Dei budde også i Skobekkbua. Asmund og Sigrid hadde mange barn: Per, Bjørn, Kari, Solveig.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Gammelsætra

Gammelsætra ligg ved Stuttgongen etter stigen mot Tjønnoen. Båe Blessomgardane hadde sætrer i Stuttgongen i 1668, da nemnd som haustsætrer. Sygard Blessom vart nemnd med sæter i Grasviken frå 1748, medan nordgard Blessom fekk ny bevilling på sætra i Stuttgongen i 1747 og 1755.

Gammelsætra vart på 1900-talet oppbygd som eit hyttetun av familien Berner. Carl Christian Berner 1917-1988 budde i mange år på Gammelsætra. Han var son til Carl Berner, Kristiania 1877-1943 og Gunhild Iversen 1878-1965. Carl Christian var gift med Sigrid Solberg 1923-2002. Dottera Stine Marie Berner 1957-2010 overtok Gammelsætra.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

seeiendom.kartverket.no

geni.com

Hindsæter fjellhotell

Hindsæter fjellhotell var sæter til nordistugu Austrem gnr. 149 bnr. 1. Austremgardane bygsla Hindvangen sæter i 1742, da vart det vist til bygselseddel frå 1683. I 1800 vart det nemnd at nordistugu Austrem hadde sæter i Hindsæter, i 1869 brukt sommar og vinter. Vinterlego til ca. 1885. Hotellet vart bygd i 1898, og i 1900 vart gardbrukar Ole P Andvord f.1862 nemnd som hotelvert i turisttida.

I 1903 vart sætra med hotellet saman med areal som seinare vart gardsbruket Sanden frådelt frå nordistugu Austrem og overteke av Otto systugu Austrem f.1873. Otto vart i 1910 nemnd som gardbrukar og hotellvert. Han var gift med Marie Andvord 1867-1919 som var syster til førre eigaren og i 1900 vart det nemnd at ho hadde teneste på hotellet.

Hindsæter vart i 1917 seld til gruvekaptein Johan Sundt 1859-1918 som saman med kjerringa Petra Volden, Nord-Fron dreiv hotellet. Petra vart seinare gift med Henrik Zedell, ektepakt

1920 viste at ho skulle ha eigedommen med lausøyre som sitt særeige. Petra fekk i 1922 skifteskjøte frå Johan Sundts bu for kr 14937,-.

I 1924 vart Hindsæter seld til Håkenstad. Det var skjøte på Sanden gnr. 149 bnr. 5 samt bygningar på turisthotellet og Singerhytta på festa grunn frå Petra Zedell til O P Haakenstad for kr 26500,- inkl. lausøyre kr 4500,-. Håkenstad dreiv hotellet, men hadde i tillegg sæterdrift der. Det vart pålegg om å flytja sæterdrifta med fjøset unna hotellet, og Håkenstad fekk seg ny sæter i 1932. Sanden vart seld i 1936, men Hindsæterhotellet vart frådelt i 1934 og lagt direkte til Håkenstad.

Frå 1.1.1941 var det festekontrakt på Hindseter hotell frå skogforvaltaren i Nord-Gudbrandsdal til frøken Gerd Skjerven og fru Elise (Anne Lise) Wichlund. Gerd Skjerven, Vanse i Agder 1911-1990 var fyrst gift med Ola Oppheim 1920-2003, seinare med Brede Johan Røsjø, Rygge 1904-1957.

I 1946 var det skjøte frå Gerd Skjerven Oppheim på hennar halvdel av husa på Hindsæter hotell til Anne Lise Lie for kr 27450,- inkl. lausøyre kr 6450,-. Anne Lise Aagaard 1913-1997 var fyrst gift med Ottar Wicklund, Oslo f.1911, seinare gift med Halfdan Lie 1911-1990.

I 1973 var det skjøte og kjøpekontrakt frå Anne Lise Lie til Fredrik Buchardt for kr 1400000,- inkl. lausøyre kr 400000,-.

I 1980 var det skjøte på gnr. 187 bnr. 1 f.nr. 175 og f.nr. 411 til Finn Harald Fongaard f.1925 for kr 1483455,-. Iflg. boka «Sjødalen» overtok Fongaard i 1976.

I 1981 var det skjøte på gnr. 187 bnr. 1 f.nr. 175 og f.nr. 411 med hus/bygningar til Rolf Strøm f.1948 for kr 1150000,-.

Hindsæter AS overtok med heimel til festeretten i 2004. Vertskap er André Sundero og Karola Wenzel.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Engen, Lauritzen, Øvsteng, 2000: Sjødalen

Bessheim

Bessheim ligg ved øvre Sjådalen. Bessheim 187/1/171 tilhøyrrer familien Lund. Sætra tilhøyrrde nordgard Sandnes som fekk fornya bevilling på høy i Bessa sæter i 1742, og Bessa vart nemnd som sæter til Sandnes i 1800. Bessa vart nemnd som sommar- og vintersæter i

1869. Ivar Sandnes frå sygard Sandnes var gift til nordgard Storvik, han hadde bytt til seg nordgard Sandnes ca. 1870 og hadde såleis hand om sætra. Frådeling frå Sandnes vart ordna i 1886 som makeskifte med sæter på Storvikssætrene. Sandnessætra i Bessa vart etter dette brukt saman med Haugøysætra som vart kjøpt same tida. I Bessheim var det turistverksemd frå sist på 1800-talet.

Kari Pålsdotter Storvik 1840-1920 var dotter til Pål Olsen Gardsøy 1799-1842 og Anne Christensdr. Ellingsbø 1801-1866. Kari var gift med Iver Johannessen Sandnes s. 1821-1885 son til Johannes Syversen Sandnes 1781-1873 og Gunhild Ivarsdr. Viste nordgard 1780-1877. Iver fekk i 1865 skjøte på Storvik frå svigermora for 1846 spd. Kari og Iver hadde 5 barn:

Anton 1869-1949, g.m. Ella Christiane Wolff 1875-1934
Iver 1874-1953, på Storvik og Bessheim
Gunhild 1876-1950, g.m. Guttorm Olsen Gjesling Sandbo u-s 1876-1952
Anne f.1879, til USA
Pål f.1882, til USA

Anton dreiv Bessheim eit par år, truleg i 1905 og 1906. Anton kjøpte Haugøybessa i 1894, men det var mora som lånte og tinglyste pant i 1900. I 1906 selde Anton Haugøybessa til broren Iver.

Iver 1874-1953 overtok Storvik og Bessheim i 1912 med skjøte frå mora. Han var gift med Thora Gudrun Augustdotter Andersen, Spydeberg 1902-1995, dotter til August Andersen, Spydeberg og Ingrid Nettet m., Tessand. Iver og Gudrun hadde 1 barn:

Kari 1922-2005, neste brukar

Kari f.1922 vart 1948 gift med Knut Kristensen Lund f.1924, son til Kristen Lund og Anne Vole. Kari og Knut overtok Storvik med skjøte i 1951. Kari og Knut hadde 3 barn:

Kåre f.1949, g.m. Mari Else Graffer Nørstnes, Lom f.1953
Grete f.1952, g.m. Jon Sjurgard
Åse f.1956, g.m. Steinar Ringen

Dotter til Kåre, Kari Lund f.1979, og dotter til Grete, Ragnhild Sjurgard f.1979 overtok Bessheim etter besteforeldra i 2005, dei dreiv saman til 2016. Nå er det Kari Lund saman med Bjørn Ekerbakken frå Skammestein i Valdres som er vertsskap.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Arvid Møller, 2008: Bessheim

Petter-Bessa

Dette ligg bortanfor Bessheim. Petter-Bessa 187/1/303 tilhøyrer familien Kroepelin. Dette var tidlegare sæter til sygard Storvik, nemnd som det i 1800. I 1869 vart sætra brukt som vintersæter. Bessætra vart skyldsett i 1869 og kjøpt av Charles Bamford. I 1875 selde han sætra til Sikkilsdalen Interssentskab.

Petter og Kari Tronhus leigde Bessætra frå 1876 og dreiv sætra som ei turisthytte fram til 1890-åra. Den fyrste tida budde dei heile året i Petter-Bessa, seinare var dei i Randsverk om vinteren. Peter Jensen Tronhus 1816-1900 frå Sjørem var son til Jens Jensen Tronhus 1778-1845 og Magdalene Petersdtr. Munch f.ca.1777 d.1829. Peter vart 1846 gift med Kari Bersvendsdotter Bersvendstugu Øyseie 1819-1898 dotter til Bersvend Nilsen Bersvendstugu 1792-1880 og Anne Olsdtr. Blessumeie 1791-1866. Frå 1850 budde Peter og Kari på Hagen under Prestgard i Heidal. Peter og Kari hadde 10 barn:

Karen f.1842, hadde med løytnant Fredrik Stang Pladt 2 barn: Karen f.1878, Jørgen f.1882
Anne f.1844

Jens 1846-1924, g.m. Brit Jacobsdotter Skjellum Sveeie 1853-1929

Anne f.1848

Jacob f.1850

Marit f.1853

Early John Blackwell f.1856

Mari f.1859

Ole f.1862

Pauline f.1864

Kroepelin kjøpte Petterbessa i 1916.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Maurvangen

Torger Grosberg 1868-1943 var son til Iver Iversen Grosberg, Kvikne 1827-1908 og Kari Torgersdtr. Graupe, Kvikne 1830-1910. Familien flytta til Harehaugen i Heidal i 1875, og Torger var brukar det frå 1875 til 1906. I 1900 budde Torger midlertidig hjå broren på Lillehammer og var da målar. Ei tid var Torger i Finnmark før han rundt 1920 kom att og slo seg til i Sjudalen. Torger budde i ei jordhole på Maurvangen, seinare i Skobekkbua der han døydde i 1943.

Tor Reiremo 1913-1995 var gift med Gunhild Braaten f.1912. Tor og Gunhild opna Maurvangen camping i 1976. Tor og Gunhild hadde 3 barn:

Else f.1945

Astrid f.1949

Elisabeth f.1958

Astrid overtok i 1980. Else overtok i 1987, ho var gift med Kåre Bakken.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Arvid Møller, 2008: Bessheim

Arnfinn Engen, 2012: Gards- og slektshistorie for Heidal, bind 2

Per Roger Lautitzen m.fl., 2000: Sjudalen

Jo Gjendebu ved Gjendeosen

Jo Tjøstolsen Kleppe s. 1794-1884 var son til Tjøstel Olsen Kleppe s. 1749-1797 og Marit Pedersdtr. Horgen, Heidal d.1798. Jo fekk seg opp bu ved Gjendeosen i 1840-åra og budde der frå ca. 1842. Ca. 1850 kjøpte han Brurusten og vart buande der.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Gjætarbua ved nedre Leirungen

Anders Kleiven og familien budde ei tid i gjætarbua på legeret ved nedre Leirungen, kanskje var dette på 1940-talet. Anders P Kleiven 1899-1967 var son til Paul Andersen Vistekleiven f.1879 og Guri Knutsdtr. f.1874. Anders vart 1926 gift med Maria Olsdotter Ulsanden søre 1898-1967 dotter til Ole Olsen Ulsanden 1849-1938 og Torø Larsdtr. Teigmorken, Skjåk 1857-1944. Anders og Maria hadde mange barn: Trygve, Gunvor, Ragnhild, Pål, Magnar.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Kleppebua i Pullen

Johannes Amundsen Sunde 1847-1917 var son til Amund Johannessen Austrem 1818-1856 og Mari Pålsdotter Valbjør 1821-1850. Johannes hadde Austrem s. i 1857-1876 og Sunde 1864-1878. Johannes vart 1865 gift med Guri Olsdtr. Veggum n. 1841-1908 dotter til Ole Syversen Veggum n 1814-1888 og Rønnaug Hansdtr. Raastad s 1818-1879. Guri og barna

flytta attende til Veggum medan Johannes budde i Kleppebua i Pullen. I 1910 var Johannes A Østrem Sunde f.1847 nemnd i fiskebu ved Sjodalen, han vart da nemnd som fiskar og jeger.

Johannes og Guri hadde 5 barn:

Mari 1867-1874

Rønnaug 1869-1968, g.m. Knut Olsen Hammer 1868-1952

Amund 1871-1959, g.m. Anne Knutsdtr. Bersvendstuen 1895-1992

Mari 1874-1891

Ole 1885-1970, g.m. Mari Øisteinsdtr. Bolstad f.1881

Bua tilhøyrrer i dag Odd Kleppe.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Veggumsbua

Amund Veggum og familien budde i bu ved elva ovanfor Pullen, gnr. 187 bnr. 1 f.nr. 348.

Amund Johannesen Veggum 1871-1959 var son til Johannes Amundsen Sunde 1847-1917 og Guri Olsdtr. Veggum n. 1841/1908. Amund var gift med Anne Knutsdotter Bersvendstuen 1895-1992 dotter til Knut Paulsen Bakken, Sel 1859-1933 og Mari Hansdtr. Bersvendstuen f.1871. Anne Veggum fekk i 1965 festekontrakt frå skogforvaltaren. Amund og Anne hadde 1 barn:

Mari f.1920, g.m. Jehans Holbø s. f.1915

Sonen til Mari, Arild Holbø f.1956 fekk heimel til festeretten i 2004.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Seeiendom.no

Russvatnet og hytte ved Birisjøen

Pål Sørlien f.1882 var son til Hans Olsen Sørlien f.ca.1841 og Kjersti Larsdtr. Rottenseie f.ca.1841. Pål vart 1902 gift med Ragnhild Johansdotter Sundhagen ø f.1878 dotter til Johannes Jakobsen Sundhagen 1845-1912. Frå 1914 til 1927 var familien i Skottlien. Pål Skottlien heldt ei tid til ved Russvatnet og i ei hytte han fekk seg opp ved Birisjøen. Pål og Ragnhild hadde 3 barn:

Hans f.1902

Johannes f.1903

Anna f.1915, g.m. Arne Heggero f.1912

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.